

Helgjødssel – ei særers aktuell mineralgjødssel til beitene for kommande vekstsesong

Helgjødssel har vore kjent i landbruksnæringa i mange år. Helgjødssel er pelletrert mineralgjødssel kor tørka hønægjødssel er sentralt bindemiddel tilsatt nitrogen og kalium. I tillegg er Helgjødssel den einaste mineralgjødsla kor ein kan få tilsatt kobolt og/eller kopar. Helgjødssel er eit rimelegare alternativ til 18-3-15 som mineralgjødssel til beitene.

Kva er Helgjødssel?

Produksjonen av Helgjødssel føregår i eigen fabrikk på Sele i Klepp. Her vert tørka hønægjødssel tilsatt bestemte mengder med Urea som N-gjødssel og kalium 49% som K-gjødssel. Helgjødssel til landbruket har samansetningen NPK som 18-1-10. Det er såleis eit høveleg stoffleg innhald til beitegjødsling kor ein treng tilføring av nitrogen og kalium om våren og med litt fosfor. Dei fleste kulturbeitene har rikeleg fosfortilstand og difor vil denne gjødsla vera særers aktuell til mange beiter. I tillegg kan ein få tilsatt kobolt og/eller kopar. Alle grasanalysar frå beiteprøvar viser som oftast lågt innhald av kobolt og ofte kan ein finna det same med omsyn til kopar

Norsk Landbruksrådgiving vil elles vera ein viktige medspelar i utarbeiding av ei balansert og rett gjødsling til beitene.

Rikeleg tilgang på Helgjødssel i 2010.

Produksjonen av Helgjødssel i haust og vinter har vore bra, og såleis vil det vera god tilgang på Helgjødssel for sesongen både frå FK/handelslaga og frå Fiskå Mølle. Pelletsen er av bra kvalitet og såleis er Helgjødssel grei å spreia med vanleg mineralgjødsselspreiar.

Lang erfaring med bruk av Helgjødssel.

Vi har avlagt eit besøk gardbrukar Tore Søyland på Årrestad i Time. Far til Tore, Torleif Søyland, har nytta Helgjødssel på garden heilt frå den tida produksjonen av Helgjødssel starta opp.

Tore Søyland har totalt om lag 50-60 mjølkekyr og vanleg påsett til mjølkeproduksjonen. Oksekalvane vert selde når dei er om lag 120-140 kg levandevekt. Rein NRF-besetning og om lag 9000 liter per ku.

Totalt 220 daa fulldyrka jord og om lag 160 daa gode kulturbeiter. Torleif og Tore har i alle år hatt stort fokus på dyrking av blandingseng med sortar av fleirårig raigras. All eng vert fortørka til om lag 30-35% tørrstoff og lagt i rundball.

Alt engareal vert tilført storfegjødssel etter gjeldande regelverk. Det vart nytta kun AN-34 som N-gjødssel til alle slåtter etter normgjødsling. På kulturbeitene vart det brukt Helgjødssel 18-1-10 om våren og seinare i vekstsesongen vart det tilført kun nitrogen som AN-34.

Kvifor Helgjødse1 18-1-10 på beitenel?

Torleif Søyland byrja med Helgjødse1 like etter at den kom på marknaden for 8-10 år sidan. "Eg liga konseptet, og så er det ei form for hjelp til sjølvhjelp for osse i næringa", utbryt han Torleif. I tillegg har me begge følgjande erfaringar:

- Betre avbeiting av dyra
- Har lengre verknad utover i vekstsesongen
- Pelletsen er bra og ikkje meir støv enn med anna mineralgjødse1
- Me har redusert gjødslinga på beitenel i høve til tidlegare år – dette har ført til mindre vassarve i beitenel
- Rimelegare enn mineralgjødse1 18-3-15